

# Bjerkreim bygdemøller

\*

Følgjande forfattarar:

I

Paul Tengesdal skriv om Bygdemølla på Gjedrem

II

Per Espedal skriv om mølledrifta på Vikeså

III

Johan Vassbø fortel om mølla slik han hugsar

IV

Per Spødervold har opplysningar om drifta

\*



*Bjerkreim Bygdemølle, Vikeså, slik den framstår i dag (2014)*

# I

## Paul Tengesdal skriv om Bygdemølla på Gjedrem

Da gardbrukerne på Gjedrem bygde gardskraftverk på Gjedrem i 1929 på det gamle kvernstedet ved Holmabrua, måtte de rive kvernhuset og turkehuset til bruk nr. 2 som stod der fra før. Karl Gjedrem tok da med seg kvernsteinane og alt som hørte til kverna og tørka. Han sette dette opp att i kjelleren i huset heime på Gjedrem. Han let kverna få elektrisk motor, men han brukte ved og torv fra egen gard til å fyra under tørka.

Da Karl gjekk i gang med dette tiltaket, hadde det vært snakk om å få igang andelsmølle på Vikeså, men det vart bare med planene. Karl søkte derfor å drive møllevirksomhet i heimen sin til det vart bygd mølle på Vikeså. Han fekk statsbidrag (korntrygd) og mol korn for «hele bygden» (fra Ørdsalen, Midtbygda og Heia, til bygdemølla kom på Vikeså i 1938.

Folk kom med store kjerrellass med korn. Kornsekkene vart båret inn i kjelleren til veiing og til lagring i store stabler. Kornet vart tørka før maling. Tørka stod ved pipa, innerst i kjelleren. Ett av kammersa i hovedetasjen fungerte som lager for det tørka kornet før maling. Her var det ei luke i gulvet hvor kornet ble tømt ned gjennom og rant rett inn i kverna. De eldste barna i heimen hjalp til med alt bokføringsarbeid som skulle til. Naboen Arne Gjedrem var kontrollør. Bøkene etter mølla er ikke bevarte.

Under krigen ble det foretatt kornmaling i det skjulte, når «plomba» som okupasjonsmakta hadde satt på mølleutstyret, ble fjernet. Men så vart det slutt for godt.



*I kjelleren i dette huset på Gjedrem satte Karl Gjedrem opp den første bygdemølla i Bjerkreim.*


*Inngangen til huset er på motsatt langsida, og inngangen til kjelleren er i husets ende.*

*Karl bar først kornsekkene inn i kjelleren til tørka, deretter bar han det tørka kornet ut igjen, opp i gardsrommet, og inn hoved-inngangen og inn i kammerset. Her vart det tørka kornet lagra. Så var det ei luke i golvet kor kornet vart tømt ned i, og gikk rett i kverna med kvernsteinane.*


*Karl hadde god rygg og tålte å bære dei tunge kornsekkene.*

## Bygdemølla på Gjedrem 1929 - 1938

1. etasje



Kjeller



## Familien i 1924 – 5 år før mølla vart bygd



*Framst står dei fire eldste barna, f.v. Karly, Jenny, Hjørdis og Vilhelm. Bak står f.v. Konstanse Roalkvam, Hanne Gjedrem, søster til Theoline, Karen Gjedrem, mor til Theoline, Theoline sjølv med Torleif på armen og Karl. Yngste barnet, Borgny, vart fødd i 1926.*

## II

# Per Espedal skriv om mølledrifta på Vikeså

### BJERKREIM BYGDEMØLLE

Rundt om i Bjerkreim var det ei kvern på mest kvar gard. Elver og bekker er det overalt. Denne krafta som eit fossefall kunne gi, vart nytta av bøndene til sliping, maling av korn og til å dra ulike maskinar. Her på Vikesågardane var det 3 kverner. Knut Vikeså og Per Vikeså hadde si kvern i Krossen medan Klaus Birkrem hadde si ved Skjævelandsvegen ved sida av Stampa. Karl O Skjæveland (Karl Smed) fødd på Skjæveland i 1889, fortalde at når dei gjekk på Vikeså skule og var på veg heim, gjekk dei innom kvernhuset her og fekk varmt mjøl til å styrka seg på. Vil du vita meir om Kverndrifta sjå: Gamalt fraa Bjerkreim av Jørgen Skjæveland.

### BJERKREIM MØLLESELSKAP

Mølleselskapet blei starta som eit andelslag for bønder i Bjerkreim i 1934. Frå starten av kjøpte 44 personar aksjar for 50 kr pr. aksje. Det var ikkje berre bønder som kjøpte, men det var andre interesserte som såg stort på at det skulle koma meir aktivitet i bygda, t.d Bjølle- og klavesmed Mandius Skjæveland støtta tiltaket. Laget skaffa seg ei tomt i Vikeså sentrum aust for Vikeså Ysterri mellom Ysterridammen og Storåa. Denne tomte blei makabytta då det blei aktuelt å byggja.

På generalforsamlinga i Kommunelokalet 7.10 1935 blei Willien Nedrebø valt til formann, og til behandling ei sak frå Knut Vikeså og Klaus Birkrem om mølleselskapet ville bli eigarar i Vikeså Kraftverk. Kalkylen lydde på 36000 kr og mølleselskapet skulle skyta inn 12000kr. Dette gjekk dei inn for og Thorvald Austrumdal blei valt inn i byggenemnda. Møllestraumen kan du lesa meir om: Vikeså Kraftverk ved Per Espedal.

Den 11.11.1935 var det sak om kor Mølla skulle stå: Makabytte med Knut Vikeså. Han åtte grunnen mellom Svend J. Skjæveland og Vikeså Forbruk. Her skulle Mølla byggjast over Bubekken.



*Her (\*) over Bubekken ser me den fyrste bygdemølla i Bjerkreim, bygd i 1938.  
Den brann ned i 1943.*

## MØLLEBYGGING

Det gjekk ei tid før bygginga kom i gang, men 21.3.1938 gjorde styret vedtak om at arbeidet måtte koma i gang snarast mogleg. Opparbeiding av grunn, utgraving, steinmuring og støyping, skulle gjerast som pliktarbeid. Kvar aksjeeigar var pliktige til å arbeida 2 dagar, eller leia folk tilsvarande. Timelønna var sett til 75 øre. Byggjekomiteen var styret supplert med: Gabriel Ødegård, Paul J Svela og Georg Fuglestad. Georg tok på seg ansvaret som arbeidsleiar og skulle få 80 øre timen. Om han sa dei at han hadde "steinauge". Så steinmuring var han flink til! Arbeidet gjekk sin gang og malinga kom i gang i 1939. Frå eit styremøte då, blei prisane sett til: 3 øre pr.kg finmaling av havre, rug, kveite og bygg, og vidare 2 øre pr. kg for grovmaling.



*Bilde av den gamle mølla rett over Bubekken.  
Her ser me også at tomta for den nåværende mølla ikkje er utgravd.*

## KRIGSÅRA 1940-45

Det var gode tider for mølledrifta i dei første krigsåra. Ole Simonsen forpakta Mølla frå 1.10.-40 til 30.6.-41, men styret var ikkje nøgd med dette, og dei overtok drifta igjen frå 1.8.-41. For rekneskapsåret 1941 var overskotet 5045,09 kr. Børge Ødegård var medhjelpar til møllar Georg Fuglestad det året, og Børge hadde 60 øre timen. Ved årskiftet 41/42 søkjer han om 20øre i lønnstillegg. 1.1.-42 hever dei lønna hans til 80 øre timen. Viss vi samanliknar denne timelønna med det overskotet dei hadde i 1941, så sanneleg tente dei pengar!

Mølla hadde større malekapasitet enn dei fekk inn korn frå bøndene i bygda, derfor søkte dei Statens kornforretning om løyve til å kjøpa korn til maling. Dette gjekk i orden, og dei fekk lagringsplass på lageret til kjøpmann Svend J Skjæveland . Etter brannen låg det på lageret: 53 tonn havre, 7 tonn bygg og 300 kg kveite.

## MØLLEBRANNEN

Mølla brann tidleg om morgonen lørdag 17.7.-43. Seint kvelden føre gjekk Ola K Skjæveland og Bård Vassbø heim etter kjærastebesøk, og dei merka røykelukt. Det blei ein dramatisk brann, flammande sto høgt og huset til Svend J. låg berre 10 meter frå. Mange deltok i sløkkinga, og det svei oppetter huset til Svend. Birgit Skjæveland fortel at det var tyske soldater på skulehuset og dei var med i sløkkinga. Jonas Skjæveland lånte ut nye bøtter frå butikken, og tyskarar og andre stod i rekke og sende bøtter med vatn frå Bubekken. Mølla brann ned, maskinar og innventar brann opp, men kornet på lageret og huset til Svend J. blei berga sjølv om det var nokså brunsvidd på veggen som snudde mot brannen.

Vel ei veke etter branne 26.7. blei det halde ekstra styremøte. Her ble det vedtatt at mølla skulle byggjast opp igjen. Men nå protesterte Svend J. og skaffa seg advokat. Støy og uro og fare for ny brann, gjorde at han lova ny grunn 900 kvadratmeter i første sving i Storrsheibakkane. Alle var ikkje samde i at mølla skulle flyttast: etter eit harmfult ordskifte blei det likevel vedteke.

Entreprenør Alfred Skårland fikk sitt anbud med teikningar og pris. Transport, utgraving og grunnarbeid skulle bøndene ta seg av, trearbeidet overlet ein til Gabriel Ø. Arbeidet kom i gang, men dette var midt i krigshandlingane i Bjerkreim. Sverre Svela fortel at han skulle vera med på støyping den dag løa brann på Litla Svela. Han blei arrestert av tyskarane og sat på Grini til krigen slutta. I byggjeperioden leigde møllestyret lokaler i lagerbygget til Vikeså Forbruk. Kapasiteten var mindre her, men her mol dei i alle fall korn frå bønder i Bjerkreim.



*Nåværende mølle i Møllesvingen, bygd 1943.*

## NY MØLLE I MØLLESVINGEN

Styremøta heldt dei som regel på kommunelokalet sør for Gamlahjemmet. Ein gong flotta dei seg i kafelokala til Fedrikka, (kjelleretasjen i huset til Arne Ivesdal). Den 29.9.1945 heldt dei

møte i nye kontorrom på Mølla. Alle rekningar og krav hadde dei fått oversikt over. Byggjesummen lydde på 17202,07 kr. Dei hadde i reie pengar 13600 kr. ”Møllebygningen skal trygdast mot eld, atmosfæriske utbrot og mot all annan skade som kan verka øydande,” for å sitera referenten. Trygdesummen blei sett til 25000kr. Georg Fuglestad sa opp stillinga i 1946, Børge blei tilsett som hjelpemann med 1,40 for timen. Olaf Vaule blei tilsett som møllar for 3 måneders gjensidig oppseiing. Det står ikkje direkte når Børge blir tilsett som møllar, men i 1947 tilset dei ny medhjelpar og i 1949 reiser Børge i saman med formannen til møllarmøte i Stavanger. Eg, Per Espedal, var medhjelpar aug.sept 1953 og då var det Børge som var sjef.

## MØLLA/VIKESÅ KRAFTVERK

Mølla var medeigar i Vikeså Kraftverk og rådde over ein straumkvote på 26 hk. Det heitte i avtalen at mølla ikkje kunne leiga ut eller driva i konkurrans med verket. Vår og sommar sto ofte mølla og lite av straumen blei brukt. I 1949/50 kom Bakar Karl Larsen og kona Malena til bygda. Dei bygde bakerriet i svingen på Leide. Lysestraumen kom 1952, Kraftverket hadde vanskar med å levera meir straum. Bakaren trong straum til steiking av brød og kaker om natta. Det blei strekt ei linje frå mølla til bakerriet (ca 200-250m). Dette fall ikkje i god smak hos kraftverkseigarane. Knut Vikeså fekk leia med seg Tønnes Ivesdal og linja blei kutta. Møllestyret reagerte:” Styret finn handlemåten ulovleg, meddi me viser til kontrakt og skilddom, difor har me bedd elektrikar Kvasheim om å kobla til igjen. Styret vil med det same segja frå at soframnt nokon vågar å krenkja mølla sine rettar ved å kutta ledningar eller anna som kan hindra straumtilførsla, er me nøgde til å melda til påtalemyndighetene”. Lensmann Kjetil Gjedrem var formann møllestyret.

### III

## Johan Vassbø fortel om mølla slik han hugsar

Som gutonge i 1950 åra var eg ofte oppe på ”møllå” som me sa. Børge Ødegård var møllar og han hadde i fleire år med seg Tormod Espedal. Før den nye E-18 kom, var det god plass utanfor møllå som ligg i nederste svingen på dei gamle Storsheibakkane. Det var rikeleg plass til dei som kom og leverte korn i sekker, anten dei kom med hest og kjerre eller traktor og tilhenger, eller med lastebil. Det var utbygd eit halvtak over inngangen slik at ein kunne stå under tak når ein leverte korn eller henta mjølet.

Kornsekkene vart trilla inn og mellombels lagra i første etasje. Vekt og mengde vart registrert. Etter kvart vart dei heiste opp i andre etasje for å kunna tømast ned i turkene. Børge tok prøve av kornet for å finna ut kor fuktig det var. Dei tok litt korn og registrerte vekta på prøven før det vart turka i eit lite apparat. Der vart fuktigheten i kornet tatt opp av karbid, og så lenge det ver fuktighet i kornet vart det danna acetylengass som brann. Når flammen slokna var kornet tørt. Og så vart vekta registrert etter turking. Då såg ein kor mykje vatn det var i kornet.

Turkene låg i eit rom heilt på vestre sida i mølla. Der var det 3 vedfyrte turker. Det var store panner med ein rørar som var driven av hovedmotoren i mølla via overføringar med reimar og tannhjul.

Når kornet var ferdig tørka vart det fylt i sekker og trilla tilbake til inngangspartiet i mølla der heisen var. Det turre kornet vart då heist heilt opp i tredje etasje og lagra for maling. Det var to ”siloar” i golvet på nordsida der dei tømde kornet nedi. Derifrå vart kornet leda ned i ei av dei to kvernane som hang under taket i første etasje. Desse vart drivne med reimoverføring frå ein stor svart likestraumsmotor som stod oppbygd midt på golvet i mølla. Denne motoren leverte all kraft

som mølla trong utanom heisen.

Eg kan aldri hugsa at eg såg nokon form for sikring eller verning av reimar og overføringar, men dei var plasserte høgt oppe under taket. Ofte måtte Børge smørje reimane med harpiks for at dei ikkje skulle slura på reimskivene. Dette gjorde han med ein stor rull med harpiks som han heldt inntil reima medan ho var i drift.

I tredje etasje var det ein maskin med sikter og rister. Den såg eg aldri i bruk, men Børge sa det var ein resemaskin dei brukte etter krigen for å reinsa mjøl som skulla brukast til matmjøl.

Me ungane var ofte der og såg på det som skjedde og stundom fekk me Børge til å heisa oss frå den eine etasjen til den andre. Me kraup oppi ein sekk og han sette muleband på sekken og festa det i heisen, og så heiste han oss opp i andre eller tredje etasje.

I 1955 / 56 vart mølla modernisert. Den gamle likestraumsmotoren og alle overføringane vart fjerna. Det vart montert ny tørke med tilhøyrande elevatorar og siloar, og det vart montert ny kvern. Det var ei slagkvern som var mykje meir effektiv enn dei gamle steinkvernane. Den nye kverna knuste og floghavren, dersom kornet var forurensa med slikt.

Den nye turka var ein stor silo som gjekk frå tredje etasje og ned til første etasje. Det var ei mengd kanalar som var opne på undersida som gjekk på tvers inne i turka slik at det vart blese inn turr oppvarma luft i kornet. Når kornet var turt vart tørka tømd ved hjelp av elevatoren som transporterte kornet dit ein ville ha det. Anten for lagring eller rett til siloen for kverna. All lagring gjekk framleis i sekker som vart stabla på golvet i ein av etasjane.

Det var berre så leit at etter kvart slutta bøndene å dyrka korn i Bjerkreim og ikkje lenge etter at mølla vart modernisert var det ingen som hadde behov for å turka og mala korn her i bygda.

## IV

### Per Spødervold har opplysningar om drifta

#### Utdrag frå Årsmelding frå meieriet 1957-1974:

Meieriet overtok Bjerkreim Bygdemølle 1.7.1956 for 45000 kr, av dette er bygningen verdsett til 25000 kr. Modernisering: 1 varmluftsturke, 1 kornreinsar, 2 elevatorar og 1 kornsilo. Kr 36000. Ombygging frå likestraum til vekselstraum med nye motorar og tilknytingsavgift, kr 7813. Teke mot 330.7 tonn korn, av dette 241 tonn bygg og 90 tonn havre, men mange bønder forer kornet heilt.

#### 1958/1959

Teke mot 283 tonn korn. Overskot 11192kr. Løner, trygd og adm. Kr 5093. kraft og brensel kr 3232, malings og turkeinntekter 20988 kr.

#### 1960

Det er nå 2 skurtreskarar i bygda, og dei blir meir og meir nytta slik at ein må inn med ny turke. Dessutan er er dei gale kvernsteinane nedslitne slik at ein må skifta over til hammarkvern. På 1,5 år er det teke imot 348 tonn korn. Værsland mølle på Ålgård er nå nedlagd.

#### 1961

Ny turkesilo. Kvernsteinen utskifta og ein Hammarkvern. Til bygt ein ny lagringssilo og elles ominnreia slik at vi nå har ei grei og rasjonell arbeidsordning. Ominnreiinga kosta kr 24500. Teke mot 329 tonn korn. Det er teke mot lite havre då den vert mykje slegen til grønfor.



### **1962**

Totalt male 444 tonn. Største kvanta som er male. 258 tonn bygg/havre, 185 tonn innkjøpt

### **1963**

Overskot 4730kr. 135 tonn bygg/havre, 100 tonn innkjøpt

### **1964**

Null i overskot. 140 tonn bygg/havre, 15 tonn innkjøpt

### **1965**

Overskot 3651 kr. 150 tonn bygg/havre, 125 tonn innkjøpt

### **1966**

Overskot 5551 kr. 117 tonn bygg/havre, 110 tonn innkjøpt

### **1967**

Korndyrkinga minkar år for år og det er vanskeleg å få balanse i rekneskapen. Underskot 880 kr. 52 tonn bygg/havre, ingenting innkjøpt. Driftsutlegg: Løner 1153 kr, Brannkont . o.a. kr 2483, Brenne, kraft 1574 kr, avskrivningar 2400 kr Renter 302 kr. Samla inntekt 7032 kr. Maskinar og utstyr er nedskrive til null, bygning til 15800 kr.

### **1968**

Overskot 7099 kr. 93 tonn bygg/havre, 60 tonn innkjøpt

### **1969**

Overskot 4520 kr. 65 tonn bygg/havre, 78 tonn innkjøpt

### **1970**

Overskot 3114 kr. P.g.a. dårleg innhaustingsver har ein aldri teke mot så mykje rått korn. Vannprosenten låg mellom 35-40 %. Stigande løner og låg pris på seld grøpp til leverandør, gjer lite overskot. 71 tonn bygg/havre, 81 tonn innkjøpt

### **1971**

Overskot mølla kr 1647, minus avskrivning 800. 23 tonn bygg/havre, 41 tonn innkjøpt

### **1972**

Underskot 355 kr. Pluss avskrivning 800 kr og adm. Reelt underskot er minst 2500 kr. Det er serleg branntrygdepremien som tyngjer drifta. 14856 kg bygg/havre er teke mot og 25075 kg er innkjøpt frå Statens kornforretning.

### **1973**

Mølla har stått heilt i ro, då siste åra har gått med underskot. Utleigd frå 1.1.1974 til Comfort Ventilasjon. Bak firma står lektor Stabel, Stavanger Tekniske Skole, Ing. Tengesdal og dagleg leder Jensen. Dei skal produsere varmevekslarar for friskluftanlegg. Avtalen er for 5 år. Utstyret er intakt, slik at vi kan starte opp igjen om vi ønsker det seinare.

Aaland Gård, april 2014  
Paul Tengesdal